



Nissedal kommune

Eining for skule

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
«REF»	2019/1112-3	Reidun Carol Retterholt,35048482 reidun.retterholt@nissedal.kommune.no	033	19.09.2019

Referat frå møte i SU - 16.09.19

Desse møtte: Elevrepresentant: Hannah E. Grimstveit
FAU-representantar: Signe Marie Svalestog og Katrin Mei Houthuizen
Politisk representant: Bjarne Reime
For kommunen: Rektor Reidun C. Retterholt
Lærarrepresentantar: Gunnhild B. Rieber-Mohn og Bjørn Leirvik
Representant for andre tilsette, Kate I. Bergland, hadde meldt forfall

SAKLISTE:

- **Konstituering**
Som SMU:
Leiar: Politisk representant Bjarne Reime
Nestleiar: FAU-leiar Signe Marie Svalestog
Referent: Bjørn Leirvik
- **Møteplan**
Som SMU:
Møta er foreløpig lagt til desse datoane: 16.09 (i dag), 18.11, 16.03.20 og 18.05.20.
- **Gjennomgang av SU sitt mandat**
Reidun orienterte. SU er skulen sitt øvste organ, men likevel oftast berre rådgjevande. SU skal alltid ha representantar frå alle brukargruppene på skulen.
- **Eksamensresultat/grunnskulepoeng sist vår**
Rektor la fram positive tal. Grunnskulepoeng for oss var 41,3. (Gjennomsnitt for Telemark 40,6) Dette tyder at eit karaktergjennomsnitt av eksamenskarakterar og standpunktkarakterar var 4,13. I matematikk skriftleg var gjennomsnittskarakteren for våre elevar 3,1. Sjølv om klassene er små er det grunn til å glede seg over framgang frå året før, men Reidun minna om at det alltid vil vere svingingar. Vidare ville rektor kommentere påstandar om at våre lærarar er for «snille» med standpunktkarakterane. Ho har to år etter kvarandre latt faglærarar hos oss vurdere skriftlege eksamensoppgåver frå vår skule «blindt». Det vil seie at våre lærarar vart bedne om å setje karakter utan at dei visste korleis oppgåvene var karaktersett av eksterne sensorar. Begge åra har det vore eit svært godt samsvar. Det eine året vart alle oppgåver vurdert likt med unnatak av ein, der karakteravviket var eitt poeng!
Rektor viste også til kontinuerleg arbeid med vurderingskriteriene.
Politisk representant peika på forskar(ar?) som hevdar lærarkompetansen er særskild viktig for å kunne utnytte læringsbretta maksimalt.
Lærarrepresentant etterspurde brannmur for internettbruken.

Elevrepresentant repliserte at elevane framleis kan kople seg på elevnettet i murbygget...

- **Innspel til budsjett neste kalenderår. NB! Sjå innspel til budsjett frå SMU i mai + innspel frå FAU 02.09.**

Her viser eg til same sak i SMU.

- **Skulen sitt utviklingsarbeid. Kvar er vi?**

«Inkluderande skule og barnehagemiljø» er eitt av satsingsområda våre, FAU-leiar representerer barnehagen i styringsgruppa, der sit Linda Solberg og rektor frå skulen. Undertema til dette er klasseleiing, samarbeid heim-skule og livsmeistring.

Som ein del av IKT-satsinga i skulen får lærarane bruke samarbeidstid/utviklingstid, cirka 1t i kvar 2 vekersperiode.

Frå hausten vart «Liv og røre-prosjektet» innført. Viss mogleg skal elevane ha fysisk aktivitet kvar dag, sjølvstøtt med eitt pedagogisk sikte. Elevrepresentant uttrykte seg positivt.

Med helsing

Reidun Carol Retterholt
Rektor Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.